

Forslag til høyringssvar til «Veival for framtidig kyrkjeordning» frå Giske kyrkjelege fellesråd.

Spørsmål 1.

Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Ja, sidan vi er/blir skild frå staten og tilgangen på midlar kjem til å minke meiner vi det er viktig å slå saman fellesråd i større einingar for å utnytte administrativ kapasitet. Om lag samtidig kan det bli ei kommunesamanslåing og kommunane er våre viktigaste samarbeidsarenaer lokalt.

Fellesråda har tradisjon for å samhandle med kommunane, dette er innarbeida og verd å ta vare på. Det er her lokalt kyrkjelydsarbeidet føregår og det er lokalt kyrkjene skal driftast og vedlikehaldas.

Forvaltingsorganet bør ikkje ligge på bispedømmenivå, det er for langt ifrå kyrkjelydane.

Spørsmål 2.

Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Vi støtter kyrkerådet i at dagens finansiering er den beste for å sikre en lokal og bred folkekirkje.

Spørsmål 3.

Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.

Ein kombinasjon av offentlig finansiering og medlemsavgift. I utgangspunktet meiner vi at dagens ordning fungerer godt. Dersom ein skal klare å oppretthalde ei folkekirkje alle stader i Norge må det vere ei delvis offentlig finansiering. Og det er viktig at midlar kjem fram til lokalkyrkjelydane og ikkje blir brukt opp av ein «topptung» organisasjon.

Spørsmål 4.

Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Vi reknar med at tilgangen på midlar kjem til å minke derfor meiner vi det er viktig å slå saman fellesråd i større einingar for å utnytte administrativ kapasitet. Om lag samtidig med at det kan bli ei kommunesamanslåing og det er viktig å sjå dette i samanheng. Vi må syte for at ressursane kjem soknet til gode.

Spørsmål 5.

Har høringsinstansen synspunkt på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Vi meiner at kyrkja sitt liv skjer på lokalplan. Gudstenestefeiring, dåp, gravferd, bryllaup , diakoni og trusopplæring skjer i tilknyting til kyrkjebygget og dette bør det takast omsyn til ved endra sokneinndeling. Soknestructuren bør vurderast i forhold til naturlege lokale samarbeidsområde.

Spørsmål 6.

Bør ordningen med to organ for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?

Ja, vi vil vidareføre ordninga med at soknet har to organ som opptrer på soknet sitt vegne, som i dag.

Spørsmål 7.

Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for flere sokn ligge(kommunenivå eller annet nivå, f. eks prostinivå eller bispedømmenivå)?

Fellesorganet bør ligge på kommunenivå.

Spørsmål 8.

Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Soknerådet bør få høve til større påverknad og mynde i eiga verksemd når det gjeld strategisk utvikling, tilsettingssaker og økonomi.

Spørsmål 9.

Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvar til soknets organer?

Ja

Spørsmål 10.

Hvordan bør daglig leiing for virksomheten av soknet organiseres?

Dette bør vurderast lokalt etter soknets størrelse.

Spørsmål 11.

Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?

Biskopen bør være ein tydelig visjonsbærer for alle tilsette, frivillige og rådsmedlemar. Biskopen bør ha ei sentral rolle i samband med tilsettingar og særskilt ha ansvar for å kvalitetssikre vigsla medarbeidrarar sine tenester gjennom sine proster. Biskopen bør ha tilsyn med kyrkjelydane og alle medarbeidrarar i bispedømet.

Spørsmål 12.

Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Biskopen bør ha ei sentral rolle i tilsettingar utan å vere arbeidsgivar. Biskopen bør ha tilsynsansvar for alle tilsette i bispedømmet. For å ivareta tilsynsansvar kan biskopen ikkje berre gi råd og rettleiing, men også bindande pålegg vedrørande tilsette sine tenesteutøving. Biskopen bør vere den som ordinerer til presteteneste og det er berre biskopen som kan gi ein person presterettigheter. Samstundes må det vere biskopen som kan oppheve desse fullmaktene, ordningar for varig eller midlertidig oppheving av ordinasjonsfullmaktene.

Det bør vere biskopen sitt ansvar å sjå til at dei kyrkjelege tenestene blir ivaretatt og nemner då særskilt gudstenesta og gudstenesteforordninga. Biskopen bør vere den som har ansvar for å godkjenne lokale planar for diakoni, kyrkjemusikk, undervisning, trusopplæring og gudstenesteliv.

Spørsmål 13.

Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.

Spørsmål 14.

Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og kva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Nei, Bispedømerådet bør ikkje oppretthaldast. Dersom fellsråda blir samanslått etter ein prostimodell eller ny kommunestruktur modell så vil talet på fellesråd gå ned og då ser vi ikkje behov for eit fjerde nivå. Dersom arbeidsgivaransvaret blir lagt til Fellesrådet, vil ein kunne klare seg med tre nivå: Kyrkjemøte – Fellesrådet – Soknerådet.

Spørsmål 15.

Hvilke oppgåver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Vi viser til spørsmål 14.

Spørsmål 16.

Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør i dette så fall være?

Ja, alle tilsette bør ha same arbeidsgivar.

Vi meiner at det bør opprettast fellesråd etter ny kommunemodell for ivaretaking av arbeidsgivaransvar for alle tilsette i kyrkja innanfor sitt område.

For at kyrkja si omfattande teneste i ord og gjerning skal vidareførast bør det være felles og heilheitleg tenking i visjon og verdigrunnlag, slik at vi kan få ei samstyring. Vi ser det som viktig at verditenkinga må starte i den lokale kyrkelyden. Dersom den skal få fotfeste må den starte frå grasrota så å seie. Vi ser det slik at verdiar ikkje kan trykkast ned ovanfrå, men må arbeidast med nedanfrå. Norge er eit demokratisk land med mykje medbestemmelsesrett og dersom kyrkja ikkje opnar nok opp for demokratisk tenking så blir den uaktuell å forhalde seg til.

Spørsmål 17.

I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på ulike organer? (Biskopen regnes i denne sammenheng som et organ)

Arbeidsgivaransvaret må ligge i Fellesrådet som opptrer på vegne av soknet.

Spørsmål 18.

I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjonar i organiseringen av arbeidsgivaransvaret?

Det bør vere lik ordning for dette, det er viktig å ikkje lage organisasjonen for komplisert.

Spørsmål 19.

Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vigslede tjenester?

Soknepresten bør ha eit tydlegare fagleg leiaransvar i soknet under føresetnad av at alle tilsette har same arbeidsgivar.

Spørsmål 20.

Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Det er viktig at det er ein avstand mellom Kyrkjemøtet og Bispedømmerådet, slik at ikkje Kyrkjemøtet blir ein interesseorganisasjon for bispedømmeråda.

Vi ser det som viktig at lokalkyrkja sine rådsmedlemar er representerte i Kyrkjemøtet. Kyrkjemøtets samansetting bør ha representasjon frå alle nye einingar på prostinivå/fellesrådsnivå.

Spørsmål 21.

Har høringsinstansen synspunkt på spørsmål om hvordan Kirkemøtet skal settes sammen?

Det er viktig at Kyrkjemøtet i større grad blir representert av heilheita i den lokale kyrkjelege strukturen.

Spørsmål 22.

Har høringsinstansen synspunkter på Bispedømets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Viser til kirkerådets vurdering 1B i høyringsdokumentet.

Spørsmål 23.

Har høringsinstansene synspunkter på spørsmål om ledelse av biskopene?

Biskopane bør organisatorisk leiaast av preses.

Spørsmål 24.

Ha høringsinstansen synspunkt på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Kyrkerådet bør ha samansetting frå alle bispedøme og som i andre styresamanheng stå ansvarlig overfor Kyrkjemøtet.

Spørsmål 25.

Bør ordninga med ei eiga lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Lærenemnda sin funksjon blir lagt til bispedømøtet.

Spørsmål 26.

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.

Spørsmål 27.

Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.